
Saksnr: 2021/2305-3
Saksbehandlar: Anders Søyland
Dato: 19.10.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering

Orientering om handsaming av søknadar om statleg sikring 2021

Føremålet med statlege midlar til sikring av friluftslivområde, er å sikre verdfulle areal for rekreasjon og friluftsliv. Slik kan friluftslivet styrkast som ein helsefremjande, trivselskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet. Ved statleg sikring av eit friluftsområde får og kommunen eller friluftsråd moglegheit for å søke tilskot til tilrettelegging for friluftsliv.

Hovudutval for idrett, kultur og integrering tilrådde i PS 42/2021, i møte den 25. mars, at Miljødirektoratet (MD) skulle gje tilsegn om tilskot til statleg sikring og grunnleggande istandsetting av 8 friluftsområde i Vestland fylke. I MD sin endelege handsaming av sikringsøknadane blei det gitt tilsegn til tilskot til sikring og grunnleggande istandsetting av 6 friluftsområde i Vestland. Ein søknad blei trekt pga. at området viste seg å vere delvis sikra frå før, medan ein søknad om statleg sikring fekk avslag etter ein samla vurdering frå MD. Vedlagte oversikt syner resultatet av MD sin handsaming av søknadane om statleg sikring.

Søknadsfrist for tilskot til statleg sikring i 2022 er 15. januar.

Vedlegg

1 samanstilling søknadar om statleg sikring 2021